



REGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE ADMINISTRASJONSUTVAL

(vedteke av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd den 2. oktober 2018, sak 2018/024)

Utvalet skal utføre oppgåvene sine i samsvar med føresegnene i Forvaltningslova og Offentlighetslova. Spørsmål om habilitet skal vurderast ut frå Forvaltningslova § 6 der ein angir både objektive kriterier og kriterier etter skjønn. I tillegg gjeld Kyrkjelova § 38, 2. og 3. ledd.

Reglementet byggjer elles på kyrkjelova sin bestemmelse om medråderett i § 35 og hovudavtalen sine bestemmelser om administrasjonsutval/PSU § 10-1.

1 Val og samansetjing

Administrasjonsutvalet består av 2 medlemmer valde av og frå fellesrådet, og 1 medlem peika ut av og blant arbeidstakarane. Der ein eller fleire arbeidstakarar er medlem i ein arbeidstakarorganisasjon med partsrett, peikar ein ut arbeidstakarrepresentantane etter reglane i Hovudavtalen § 10.

Arbeidstakarar kan ikkje veljast som arbeidsgivarrepresentantar.

Fellesrådet vel leier og nestleiar blant arbeidsgivarrepresentantane i utvalet.

Både arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane blir valde/peika ut for ein 4-års periode (dvs. valperioden for fellesrådet). Dersom spesielle grunnar talar for det, er det høve for arbeidstakarsida til å skifte ut medlemene sine etter 2 år.

Dersom ein medlem går ut av utvalet, blir nytt medlem vald / peika ut for resten av perioden sjølv om det er valt varamedlem. Gjeld denne leiaren, skal det veljast ny leiar, sjølv om det tidlegare er valt nestleiar.

Det blir valt/peika ut personlege varamedlemmer både for arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane, jf hovudavtalen § 10-1c.



2 Mandat

Administrasjonsutvalet har mynde innanfor dei retningsliner som er fastsett i lov og avtaleverk samt avgjerdsmynde i dei saker fellestrådet har gitt slik mynde.

Administrasjonsutvalet er fellestrådet sitt partssamansette utval etter Kyrkjelova § 35. Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom fellestrådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovudavtalen § 10-1 «Administrasjonsutval/partssammensett utval».

Administrasjonsutvalet handsamar ikkje personalsaker.

3 Saker der utvalet har fullmakt til å ta avgjerd.

Administrasjonsutvalet fattar vedtak innanfor dei retningslinjene som er fastsette i lov, i medhald av lov eller er vedtekne av fellestrådet, og innanfor fastsette budsjetterrammer.

Utvalet har fullmakt til å ta avgjerd i følgjande saker:

- a. Avgjere søknader om permisjon som går ut over det som står i Permisjonsreglementet, og avgjere tvist om tilsette kan ha anna lønna arbeid utanom hovudstillinga (jf. Arbeidsreglement punkt 14).
- b. Avgjere spørsmål som gjeld tolking av fellestrådet sine reglement om tilsetjing og arbeidsvilkår. (Tolking av tariffavtalar følgjer reglane i Hovudavtalen § 5).
- c. Andre saker som fellestrådet delegerer til utvalet.

4 Saker der utvalet har uttalerett

- a. ved tilsetjing av kyrkjevevje for fellestrådet og andre leiarstillingar der fellestrådet ivaretek tilsetjingsmynde.
- b. ved oppretting, nedlegging og eventuell endring av stillingar.
- c. ved fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, for eksempel permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, reglement for administrasjonsutval, arbeidsreglement og ev andre lokale reglement.



- d. ved utvikling og omstilling, inkl. nye organisasjons- og bemanningsplanar (jf. Hovudavtalen § 10-1 b). Instruksar for stillingar.
- e. ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemiddel.
- f. ved forslag til effektiviseringstiltak.
- g. retningslinjer for delegasjon til AU, administrasjon etc. (delegasjonsreglement)
- h. ved andre saker av personalpolitisk karakter som soknerådet legg fram for utvalet.

5 Møte i administrasjonsutval

- a. Utvalet skal ha møte når leiaren finn det nødvendig eller når minst 2 medlemmer krev det.
- b. Utvalet blir innkalla skriftleg med 7 dagars varsel. Saksdokumenta blir sende til medlemmer og varamedlemmer og andre med møterett eller -plikt.
- c. Møta i utvalet blir normalt haldne for stengde dører.
- d. Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades, medrekna leiar eller nestleiar. Vedtak vert fatta med allment fleirtal. Ved likt stemmetal avgjer stemma til leiaren.
- e. Kyrkjeverja eller den han peikar ut, er sekretær for utvalet. Sekretæren har møteplikt, samt tale- og forslagsrett.
- f. Leiaren i fellesrådet og kyrkjeverje har møte-/tale- og forslagsrett i utvalsmøta sjølv om desse verken er medlem eller sekretær i utvalet.
- g. Sekretæren kan i samråd med leiaren innkalle andre det er ønskjeleg å rådføre seg med.
- h. Det skal førast møtebok som blir sendt til medlemmer og varamedlemmer og andre med møterett så snart som mogeleg etter møtet. Møtebok blir også send medlemmene i fellesrådet.
- i. Eit mindretal og/eller kyrkjeverja kan anke saker frå administrasjonsutvalet til fellesrådet, jfr. hovudavtalen § 10-2.

6. Gjeldande periode

Dette reglementet blir gjort gjeldande frå 01.01.2020, og blir evaluert innan utgangen av 2023, evt før om nokon av partane krev det.